

Forvaltningsplan for Ornes



Innhald

3.1	Hovudmålsettingar	1
3.2	Verdiar i landskapet.....	2
3.3	Samfunnsrom og møtestader.....	4
3.4	Kulturlandskapet	5
3.5	Kulturminne.....	7
3.6	Lokalsamfunn	8
3.7	Næringsliv og verksemder	10
3.8	Samferdsle og infrastruktur.....	12
3.9	Verknadsområde	14
3.10	Organisatorisk.....	15

3.1 Hovudmålsettingar

Forvaltningsplanen skal bidra til å ivareta Urnes stavkyrkje som verdsarvobjekt, og styrke lokalsamfunnet sin rolle som verdsarvforvaltar på Ornes. På grunnlag av situasjonsskildringa i kapittel 2 vert det tilrådt føremål, retningsliner, tiltak, mål og ansvar.

Definisjonar:

R-Retningslinene vil verte lagt til grunn for den fylkeskommunale forvaltninga av området, og vert også tilrådd teke i bruk av kommunen. Retningslinjene kan nyttast som saksinformasjon av kommunen og statlege styresmakter, og vil eventuelt verte førande så langt dei vert teke inn i plandokument etter plan og bygningslova.

T-Tiltak skal gjennomførast i planperioden. Der aktuelle tiltak har klar lovmessig ansvars plassering, er dette definert.

Forvaltningmål er sett for nokre område. Det er resultat som ein skal oppnå.

Ansvar for oppfølging av retningsliner og tiltak er definert. I ansvar kan det liggje formelt ansvar etter lov og retningsliner, organisatorisk ansvar, eller i handlingsdelen gitt ansvar for å ta initiativ for oppfølging.

Forvaltningsavtaler og anna oppfølging vil kome i etterkant av planarbeid. I handlingsdelen er det lagt opp til at ny verdsarvpolitikk fører til oppretting av verdsarvkoordinator for Ornes. Før det skjer bør fordelinga av oppgåvene som her er lagt til stillinga fordelast i samband med faste drøftingsmøter mellom partane. Gjerne og som del av avtale mellom partane. Samarbeidsrådet vert truleg erstatta av ny organisering etter forslag til verdsarvpolitikk, dette bør tilpassast i samband med evaluering og rullering av forvaltningsplanen.

Forvaltningsplan med grunnlagsdokument og handlingsdelen skal rullerast kvart 6 år, gjerne i forkant av rullering av kommuneplan/planstrategi

Handlingsdelen skal evaluerast kvart år.

3.2 Verdier i landskapet

Målsettingar

- Ivareta opplevingsverdiene knytt til landskapet, tida, stilla og roa på Ornes for besøkande og fastbuande.
- Unngå tiltak som gjev stor negativ visuell verknad.
- Legge til rette for utbygging på stadens vilkår.

Retningsliner og tiltak

NR	Formål med retningsline	Retningsline	Forvaltningsmål	Ansvarleg	Tidsramme
R-21	Redusere konflikt mellom mjuke og harde trafikantar, samt lokale transportbehov	Regulere køyring og ferdsel frå ferja og opp til kyrkja med buss		Kommunen <i>Statens vegvesen</i> <i>Fylkeskommunen</i> <i>Fortidsminneforeningen</i>	
R-23	Gi rom for nye tiltak som er tilpassa dei påviste strukturane	Nytte landskapsanalysane i forvaltningsplan i samband med reguleringsplanendring, byggesaker i landbruket og dispensasjonshandsaming.	Tiltak er vurdert og tilpassa til eksisterande bygg og landskapsstrukturar.	Kommunen <i>Fylkeskommunen</i>	2015

NR	Formål med tiltak	Tiltak		Ansvarleg	Tidsramme
T-21	Ta vare på det store landskapet som visuell bakgrunn for stavkyrkja	Innarbeide omsynssone og retningsliner i samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel.	Omsynssone og retningsliner er innarbeidd i kommuneplan og følgt i sakshandsaminga.	Kommunen	2015 Revisjon av kommuneplanen sin arealdel
T-22	Ta vare på roa og stillheita på Ornes	Utarbeide retningsliner for sakshandsaming og konsesjonsuttale for søknadar om støyande verksemd - særleg knytt til turistsesongen.	Det vert gjeve avslag for eksterne verksemdar som skaper støy. Lokale verksemdar vert vidareutvikla med ev. støtte for alternativ teknologi dersom konvensjonell teknologi gir for mykje støy.	Kommunen <i>Fylkeskommunen</i> <i>Fylkesmannen</i> <i>Riksantikvaren</i> <i>NVE</i>	2014 - Kontinuerleg

3.3 Samfunnsrom og møtestader

Målsettingar

1. Utvikle nedre sone/fjordsonen til ein offentleg møtestad, ein allmenning og mottakssone frå fjorden for ferja og andre små og mellomsmå båtar med og utan motor.
2. Oppretthalda og styrka moglegheita for å bade i fjorden.
3. Styrke den positive opplevinga av å besøke Ornes.
4. Styrke innbyggjarane sine positive opplevingar av å vere innbyggjarar på Ornes.

Retningsliner og tiltak

NR	Formål med retningsline	Retningsline	Forvaltningsmål	Ansvarleg	Tidsramme
R-31	Oppretthalde god tilgang gjennom universell utforming	Parkeringa ved kafeen/visningssenteret og kyrkja bør primært vere for handikapa og «eldre».	Der det er forsvarleg i høve landskap og antikvariske verdiar, er nye tiltak universelt utforma	Kommunen Fortidsminneforeningen	Kontinuerleg
R-32	Legge til rette for gode møteplassar	Utvikle og finne gode løysingar på utforming av kaien, parkeringsplassar, møteplassar inkludert parkeringa ved kafeen og stavkyrkja	Styrke 1. inntrykket, betre informasjonen, betre utomhus treffplassar, redusere trafikkulemper	Kommunen	Reguleringsplan
NR	Formål med tiltak	Tiltak	Forvaltningsmål	Ansvarleg	Tidsramme
T-31	Betre det estetiske intrykket av Ornes	Legge leidningsnett i kabel	Luftleidningar til telefonnettet er fjerna innan fem år. Alle nye straumleidningar vert lagt i kabel. Luftnettet vert gradvis erstatta.	Kommunen	

3.4 Kulturlandskapet

Målsetting

1. Sikre vidare jordbruksdrift på Ornes
2. Oppretthalde eit ope og variert kulturlandskap
3. Ta vare på og framheve tekniske strukturar i landskapet som steingardar, bakkemurar og rydningsrøyser.
4. Ta vare på dei spesielle naturkvalitetane i området som; småskala jordbrukslandskapet, bjørkehagen, styvingstre, artsrikdom.
5. Framheve gravhaugane og deira plassering i landskapet slik at den lange tidslinja frå forhistorisk tid via mellomalderen til nyare tid vert lesbar i landskapet.
6. Tilretteleggje for alternativ bruk av landskapet på ein berekraftig måte.
7. Følgje opp skjøtselsplanane utarbeidd av Urnesprosjektet

Retningsliner og tiltak

NR	Formål med retningsline	Retningsline	Forvaltningsmål	Ansvarleg	Tidsramme
R-41	Styrka landskapspleie	Oppfølging av skjøtselsplan		Verdsarvkoordinator	
R-42	Styrke det økonomiske grunnlaget for lag og organisasjonar, og eksisterande gardsbruk til gjennomføring av skjøtsel	Forankre mål og tiltak i skjøtselsplanen i den kommunale areal- og tilskotsforvaltninga, mellom anna gjennom kopling med temakart for kjerneområde landbruk og strategi for prioritering av SMIL-midlar		Kommunen	Neste revisjon
R-43	Lette gjennomføringa	Følgje opp brukarar som tek på seg skjøtselstiltak gjennom å tilby rettleiing i planleggings-, søknads- og gjennomføringsfasen.		Kommunen i samarbeid med FMLA	Kontinuerleg

R-44	Gjer turismen til eit positivt bulyst og inntekstbidrag til innbyggerane	Auka tilrettelegginga for opplevingar i natur og kulturlandskapet.		Verdsarvkoordinator, Kommunen, grunneigarar og grendalag.	Ved utarbeiding av ny reguleringsplan.
NR	Formål med tiltak	Tiltak	Forvaltningsmål	Ansvarleg	Tidsramme
T-41	Kome tidleg i gang med tiltak	Peike ut tiltak i skjøtselsplanen som kan gjennomførast ved hjelp av eksisterande tilskotsordningar og tiltak som føreset nye finansieringsordningar.		Kommunen i samarbeid med FMLA, grendalag og grunneigarar	
T-42	Styrke grunnlaget for vidare drift av gardsbruk	Arbeide for tilsvarande tilskotsordningar til landbruket på Ornes som er etablert i Vestnorsk fjordlandskap og Vega Øyan		Fylkesmannen Fylkeskommunen Kommunen	

3.5 Kulturminne

Målsettingar

1. Ta vare på bygningsmiljø, enkeltbygningar og bygde strukturar i landskapet.
2. Sikre og forvalte det enkelte kulturminner som til dømes gravhaugane og bautastein.
3. Sikre dei vitskapelege interessene som knyter seg til kyrkja
4. Sikre ei føreseieleg forvaltninga av området.

Retningsliner og tiltak

NR	Formål med retningsline	Retningsline	Forvaltningsmål	Ansvarleg	Tidsramme
R-51	Gje råd og rettleiing i samband med søknad om støtte til istandsetjing	Prioritere hjelp til kulturminneigarar på Ornes		Kommunen <i>Sogn og Fjordane fylkeskommune</i>	Kontinuerleg
NR	Formål med tiltak	Tiltak	Forvaltningsmål	Ansvarleg	Tidsramme
T-51	Skape ei føreseieleg rame for grunneigarane i høve kulturminneforvaltninga	Kulturminneplan for Luster	Kulturminneverdiar er registrerte og prioriterter, som grunnlag for tilskot og forvaltning	Kommunen	2013

3.6 Lokalsamfunn

Målsettingar

- Ha attraktive leigebustader eller byggeklare tomter for bustadbygging.
- Hindre fråflytting og stimulere til eit stabilt folketal på Ornes
- Sikre god samband mellom nabobygdene langs fjorden og over til Solvorn
- Oppretthalde samarbeid og aktivitetar mellom bygdene på sørsida
- Oppretthalda og styrka busetjing på heile Sørsida, definert som området mellom Skjolden og Kinesdalen (Kommunen 2011).
- Oppretthalda og styrka drift på gardsbruka på heile Sørsida, definert som området mellom Skjolden og Kinesdalen (Kommunen 2011).

Retningsliner og tiltak

NR	Formål med retningsline	Retningsline	Forvaltningsmål	Ansvarleg	Tidsramme
R-61	Oppretthalde tal gardsbruk og heilårsbustader	Handheve bu og driveplikt strengt		Kommunen	kontinuerleg
R-62	Utveksle erfaring og gjensidig støtte	Drifte erfaringsnettverk for omsetjing av tomme bustadhus/gardar		Sogn og Fjordane fylkeskommune	2013 -2017
R-63	Auka gjennomslag på søknadar	Rettleie og prioritere høgt lokale utviklingssøknadar frå lag og organisasjonar knytt til verdsarvområda		Kommunen og Sogn og Fjordane fylkeskommune	Kontinuerleg

NR	Formål med tiltak	Tiltak	Forvaltningsmål	Ansvarleg	Tidsramme
T-61	Tilretteleggje for bustadbygging	Regulere inn attraktive byggetomter i ny område-/ detaljplan.		Kommunen	2015
T-62	Auka folketal, betre vedlikehald, rimelegare nyetablering	Gjere minst 2 tomme hus klare for fastbusetting	Stabilisere/auke tal fast busette.	Kommunen	2013
T-63	Hjelp til innbyggjarane med byggesaker, utforming, reglar, støtte mv.	Etablere fagråd for buffersona		Kommunen i samarbeid med fylkeskommunen	2013
T-64	Støtte for innbyggjarane til leige av arkitekt i utforming av byggetiltak.	Etablere støtteordning for utforming av byggetiltak i området		Kommunen i samarbeid med fylkeskommunen	2013
T-65	Styrka innsats på områder innbyggjarane sjølve ser behov	Støtte Sørsida grendalag		Kommunen i samarbeid med fylkeskommunen	2013
T-66	Gjere dispensasjonssaker meir føreseieleg for innbyggjarane, og forsvarleg i høve verdsarvminnet	Utarbeide ei sjekklister for vurdering av dispensasjonssaker på Ornes		Kommunen og fylkeskommunen i samarbeid	2013 ev. i samband med ny reguleringsplan

3.7 Næringsliv og verksemdar

Målsettingar

- Oppretthalde og styrka eksisterande næringsliv og sysselsetting.
- Stimulera til næringsutvikling som drar nytte av verdsarvstatusen og legge til rette for at folk kan skapa sine egne arbeidsplassar i området.
- Bidra til å betre grunnlaget for sameksistens mellom ulike verksemdar.
- Styrka infrastrukturen til Ornes, både med tanke på informasjon og samferdsle, jamfør reiselivsplanen for Sogn og Fjordane 2010-2025.
- Fremja norsk og lokal mat og landbruk som ein viktig del av reiselivsproduktet jamfør nasjonal reiselivstrategi 2007 og reiselivsplanen for Sogn og Fjordane 2010-2025.
- Bidra til utvikle turismen og næringsprosjekt på Ornes som klarar å bruke kulturminna på Ornes på ein berekraftig måte, utan å forringe dei.
- Forvalte turisttrafikken på ein berekraftig måte for kyrkja og lokalsamfunna.
- Tilretteleggje for alternative opplevingar i området

Retningsliner og tiltak

NR	Formål med retningsliner	Retningsline	Forvaltningsmål	Ansvarleg	Tidsramme
R-71	Oppretthalde og auke talet næringsverksemdar innafor og i tilknytning til området	Rettleie og prioriter søknadar innafor buffersona		Kommunen, <i>IN, FK, FMLA</i>	Kontinuerleg
R-72	Grunnlag for lokal næring, betra forhold for næringstrafikk, innbyggjarar og besøkande	Vurdere høve til alternativ transport på vegen frå parkeringsplassen og opp til stavkyrkja (Fagrapport, Aurland Naturverkstad 2009).		Innbyggjarar, Fortidsminneforeningen, kommunen	

NR	Formål med tiltak	Tiltak	Forvaltningsmål	Ansvarleg	Tidsramme
T-71	Hente idear og inspirasjon frå likande område.	Arrangere feltkurs/felles studietur/fagtur med deltakarar frå eigarar, bebuarar, representantar frå ulike interessegrupper i området, politikarar og administrasjon i kommune og fylkeskommune og statleg forvaltningsmyndigheit.		Verdsarv-koordinator	
T-72	Styrke det lokale næringsliv, basert på lokale kvalitetar	Etablere og knytte Ornes til eit nettverk for utvikling og ivaretaking av handverkstradisjonar		Verdsarv-koordinator	
T-73	Auka lokal stoltheit, og fleire som får inntening frå turismen, supplere stavkyrkja og Fortidsminneforeningen	Arrangere bygdevertskurs		Verdsarv-koordinator	

3.8 Samferdsle og infrastruktur

Målsettingar

1. Sikre gode og føreseilege vilkår for ferja som hovudferdsle til Ornes
2. Styrke infrastrukturen til Ornes, og særleg sikre samferdsle i området
3. Gjera greie for føresetnader, utfordringar knytt til ferjedrift, parkeringssituasjon både i Solvorn og på Ornes.
4. Gjera greie for alternativ transport til bussar og privatbilar mellom ferjekaien på Ornes og stavkyrkja.
5. Vurdere auke i besøkstalet ved stavkyrkja og konsekvensar for auka trafikk i Solvorn og Sørsidevegen langs Lustrafjorden (Kommunen 2011).
6. Sikra god tilkomst til Ornes

Retningsliner og tiltak

NR	Formål med retningsline	Retningsline	Forvaltningsmål	Ansvarleg	Tidsramme
R-81	Sikre kollektivtilbodet gjennom styrka prioriteringa av utvalde område	Prioritere høgt rutekjøp ferje/kollektivtilbod knytt til verdsarvområda		Kommunen og fylkeskommunen	Ved fornying av konsesjon
NR	Formål med tiltak	Tiltak	Forvaltningsmål	Ansvarleg	Tidsramme
T-81	Gje dei besøkande ei betre oppleving	Tilrettelegging av areal for fotgjengarar og anna trafikkareal, tilrettelegging som informasjonsskilt, tavle for oppslag, benkar, offentleg toalett på kaia med meir (Fagrapport, Aurland Naturverkstad 2009).		Kommunen	
T-82	Betre skiltestetikk	Skifte ut og tilpasse trafikkskilta betre til dei lokale		Kommunen	

		forholda			
T-83	Avlaste kjørevegeven og gi besøkande alternativ tilkomst til kyrkja. Auke tilbodet til innbyggjarane, betre tilkomst til Høgstein og andre kulturminne, temasti	Etablering av stiar		Sørsida grandalag/verdsarvkoordinator	
T-84	Redusere brukarkonflikt i Solvorn. Auke innteninga til ferja.	Betre parkeringstilhøva i Solvorn for ferjepassasjerar.		Kommune	
T-85	Betre branntryggleiken på Ornes/sørsida.	Utplasser brannutstyr og gi lokal opplæring i bruk.		Kommune	
T-86	omfattar innhald, utforming og plassering av skilt, bruk av verdsarvlogoen og alternative informasjonstiltak som brosjyre til bruk på Ornes.	Utarbeiding av informasjonsplan.		Kommunen	

3.9 Verknadsområde

Målsettingar

1. Definere område som forvaltningsplanen skal gjelde
2. Definer behov for omsyns- og buffersone

Retningsliner og tiltak

NR	Formål med tiltak	Tiltak	Forvaltningsmål	Ansvarleg	Tidsramme
R-91	Fastsetje område for retningsliner og tiltak.	Fastsette grenser for forvaltningsplanen		Kommunen og fylkeskommunen	
R-92	Følgje opp grunnlagsarbeid til forvaltningsplanen	Vurdere forslag til retningsliner for buffer-/omsynssona i Fagrapport 1-2009 og Notat 2-2011		Kommunen	I samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel
T-93	Definere område med eigna retningsliner for handsaming av større tiltak/terrenginngrep	Innarbeide omsynssone i kommuneplanens arealdel	Det er innarbeidd omsynssone med retningsliner i neste kommunedelplan for arealbruk	Kommunen	I samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel
T-94	Definer område for prioriterte verkemidlar og grunnlag for UNESCO søknad	Vedta buffersone	Søknad om bufferson vert imøtekome av UNESCO	Kommunen og fylkeskommunen	Vedtak av forvaltningsplanen.

3.10 Organisatorisk

Målsettingar

1. Sikre god styring, gjennomføring og oppfølging av forvaltningsplanen.

Retningslinjer og tiltak

NR	Formål med tiltak	Tiltak	Forvaltningsmål	Ansvarleg	Tidsramme
T-101	Sikre at tiltak og retningslinjer framleis er tidsaktuelle	Evaluering av handlingsdelen	Gjennomført årleg	Fylkeskommunen og kommunen /	2013, med årleg gjennomfør
T-102	Ruller forvaltningsplan tilpassa rappoortering til UNESCO kvart 6. år.	Rullering av forvaltningsplan	Oppdatere og tilpasse forvaltningsplan til gjeldande situasjon	Fylkeskommunen	2018
T-104	Styrke busetnaden og landskapsforvaltninga	Jobbe politisk og administrativ for auka verkemidlar til definert tiltak innafor buffersona	Området vert styrka med ekstra stimuleringsmidlar	Kommunen <i>fylkeskommune og fylkesmann</i>	Oppstart 2013
T-105	Effektiv organisering for å realisere verdsarvverdiane og næringsutvikling.	Avklare kva organisering/organisasjon/ stifting som er best eigna for områder		Grendalag, Kommune, fylkeskommune, RA og fortidsminneforeningen	
T-106	Sjekk ut om forvaltninga har tenlege tiltak, arbeidsdeling og oppfølging	Årleg kontaktmøte mellom FK, Kommunen, RA og Fortidsminneforeningen		FK	Årleg
T-107	Sikre dialog om kva som kan gjerast for å styrke grendene	Årleg kontaktmøte mellom Kommunen og Sørsida grendalag		Kommunen	Årleg

		saman med Solvorn grendalag			
T-108	Tilpasse framtidig ny verdsarvpolitikk, som føresler bruk av indikatorar for å styrke forvaltningsplanane.	Utarbeide indikatorar for forvaltningsarbeidet	Utarbeding og prøving i denne forvaltningsperioden for å få gode indikatorar ved revisjon.	Samarbeidsgruppa/ verdsarvrådet	2014